

Eigarar av Micro/mini  
Kraftstasjonar i Kvammen.

Kvammen 10.10.11.

Olje og Energidepartemente.  
Einar Gerhardsens plass 1  
0179 OSLO

### **Urimeligheiter angående ordninga for grøne sertifikat.**

Vi vil med dette skrivet ta opp det vi synest er ein stor urimeligheit med tanke på den grøne sertifikatordninga.

-Dei som starta utbygginga av micro/ mini/småkraftverk etter at energilova endra seg, er etter vår meining pionerane innan småkraft. Dei kjempa gjennom det som etter kvart blei ei stor næring.

-Dei var ikkje førespegla tilskotsordningar i framtida, så dei måtte bygge enkle rimelege anlegg, slik at det kunne forsvarast økonomisk med ein marknadspris på straum som normalt låg mellom 15 og 20 øre pr.kwh. Dette på grunn av at bankane krevde lange kontrakter angående sal av straumen. Tidleg i planleggingsfasen var det gjeve signal om prisar rundt 30 øre pr.kwh. Når vi såg at inntektsgrunnlaget svikta, måtte det sparast der det kunne.

-Nye retningsliner og krav frå nettselskap og EI-bransjen gjer til at desse anlegga må modernisere for å tilfredstille dagens krav. Vi snakkar her om nye styringar og vern for å ivareta desse krava, utan å få kompensert for desse kostnadane. Nye anlegg som får grøne sertifikat klarer fint å ivareta dagens og framtidens krav.

-Fra slutten på -90 åra og fram til 2004 var det ein rivande utvikling på nye anlegg, barnesjukdommar vart luka bort, og dei som bygde etter 2004 sit med anlegg som etter all sannsynlegheit vil vere kostnadseffektive langt fram i tid.

Dei gamle stasjonane vil slite med dårlige løysingar, dette spesielt på styringsida, men også en del slit med dårlige mekaniske løysingar. Dei aller fleste har behov for modernisering for å få lengre og betre drift på kraftverka, dette i tillegg til nye krav som kjem på styring og vern. Dette vil ikkje kunne gjerast utan å ta del i sertifikatordninga.

-Vi vil oppleve eit skilje mellom kvaliteten på anlegg før og etter 2004.

-Vi fryktar også at netto produksjonsprisar vil bli pressa nedover når all sertifikat berettiga strøm kjem ut nettet. Dette vil i så fall gjere situasjonen endå meir urimeleg for anlegg som ikkje kjem med i ordninga.

Eksempelvis er det mange store anlegg på vent av godkjenning ( 700 stk pr jan 2011), i tillegg til alle som er utbygde frå 2004 og fram til i dag. Samtidig er det og ein massiv vindkraftutbygging på veg. Det er jo en reell fare for at prisen på kraft vil bli pressa. Grønne sertifikat gjer til at forbrukar får ein større del å betale som igjen vil legge et press på nettoprisar.

-Det er samtidig så få anlegg som er bygde før 2004 at prosentvis vil dette ikkje merkast på grøn kraft ordninga sjølv om dei skulle bli inkluderte. Vanskeleg å finne tal på dette, men all informasjon tyder på at det er veldig få anlegg samanlikna med, det som er utbygd frå 2004 og fram til i dag, samt framtidig planlagde utbygging, (vatn, vind, etc )

#### Konklusjon:

Dei som var pionerane innan micro/mini små kraft, sit igjen som taparar med umoderne anlegg og samme kostnader som dei som får sertifikat. Vi meiner at EI-sertifikatordninga bør omfatte anlegg som er mindre enn 15 år frå den dato ordninga trer i kraft.

Mvh.

Gunnar Osland.

*Gunnar Osland*

Arild Grytten

*Arild Grytten*

Kåre Steinar Leknes.

*Kåre Steinar Leknes*

Roger Nervik.

*Roger Nervik*

*TORDK* *Tor Dag Gulbrandsen*  
Tor Dag Gulbrandsen

Asbjørn Stavestrand.

*Asbjørn Stavestrand*